



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Øistein Aasland, 5557 2322

Vår dato  
17.04.2015  
Dykkar dato  
13.04.2015

Vår referanse  
2015/5556 441  
Dykkar referanse

Friluftsområde Vest v/Oddvin Øvernes

### Fitjar - Langøy - Nytt friluftsområde.

Vi viser til e-post frå Friluftsrådet Vest v/ Oddvin Øvernes, sendt den 16. april 2015.

Her vert det vist til at Langøy i Fitjarskjergarden er lagt ut for sal. Friluftsrådet tar sikte på å søkje om tilskott til sikring av den til friluftsføremål.

Store delar av Langøy er registrert som naturtype Kystlynghei i Naturbasen til Miljødirektoratet. Lyngheia på Langøy er i relativt god hevd, og har fått B-verdi (Viktig) i Naturbasen. For at desse verdiane skal kunne oppretthaldast, og gjerne aukast, må lyngheia haldast i hevd med brenning og beiting. Ein slik skjøtsel vil kunne samordnast med ein evt bruk av området til friluftsføremål, og vil kunne auke verdien av området som friluftsområde. Ei Kystlynghei i drift er eit vakkert, ope landskap som det er lett å bevege seg i. Om friluftsrådet kan halde utmarksareala i hevd vil dette vere positivt for verdiane i lyngheia. Bruken av område til friluftsområde vil heller ikkje redusere naturverdiane i lyngheia såframnt ein klarar å kombinere ferdsle med beiting.

Det er elles positivt om ålmenta får ta del i dette området og ein slik bruk av areala vil kunne vere med å marknadsføre dei verdiane som finst i kystlyngheia.

Fylkesmannen i Hordaland vil difor støtte ein søknad frå Friluftsrådet Vest om tilskott for å sikre Langøy til friluftformål.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Øistein Aasland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Fitjar kommune	Postboks 83	5418	Fitjar
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM